



Nysirkus-gjengen hadde eit spenstig show.

Etter dagar fylt med mange spennande aktivitetar, var det klart for FestidaGen-show i Aktivitetshuset laurdag. Det var stappfullt med forventningsfullt publikum. Til og med alle ekstrastolane var i bruk. Då konferansier Piero frå Absence Crew opna hadde han fullt av forventningsfulle og spente artistar i gule FestidaGen t-skjorter bak seg.

Programmet hadde eit spennande innhald som vi ikkje har sett maken til i Uskedalen før. Her vart det Nysirkus med akrobatikk, sjonglering og ballansekunst med meir. Dei som hadde vore på breakdance/hip hop hadde ei forrykande danseoppvisning. Innimellom desse to aktivitetane fekk vi ei flott 'moteoppvisning' med nokre av dei som hadde vore med på Redesign. Skikkeleg stilig var både det dei hadde laga og måten dei framførte på.

Nysirkus og breakdance/hip hop var to av aktivitetane med flest deltakarar, Nysirkus-gjengen var 25 barn fordelt på 2 grupper, og dei hadde lært utruleg mykje spenstig av instruktørane frå Nysirkus Pilar i Oslo. Ein del av tinga dei viste var så halsprekkande at eg, og mange med meg, trur eg, sat med hjarta i halsen. Topp underhaldning av flinke artistar.



Luftig sjev.

Breakdance-innslaget var også fartsfylt og godt. Eg var imponert over kva dei unge dansarane hadde lært på så kort tid. Tøft!! Også i breakdance/hip hop var det 2 grupper med tilsaman 22 barn, og instruktørane kom frå gruppa Absence Crew. Det var tydeleg at desse to gruppene hadde hatt topp instruktørar. Det fekk vi bevis på då instruktørane hadde sine oppvisningar. Fantastiske flinke var dei!

Innslaget til Redesign-gruppa med moteframvisning av det dei hadde laga, gjorde seg svært godt mellom desse to fartsfylte innslaga. Når vi såg det fine dei presenterte, skjønar vi godt at redesign er så in i tida. Her var kreativiteten på topp!

I tillegg til nemnde aktivitetar hadde FestidaGen tilbod som Bygg sjølv, Rocketroll, Festauranten, Teikneseriekurs og Parkour. I tillegg vart showet avslutta med Småstjerner som alltid. Det omtalar vi som eiga sak.

Eit forrykande godt show, og sjølv om nokre sat og kika på klokka og tenkte på at Vamp skulle på scenen kl. 16 så gjorde det liksom ikkje noko. Det var så BRA!

Mange fleire kjekke bilde på Festidalen si Facebook-side.



Nysirkus



Nysirkus



Nysirkus



Nysirkus



Nysirkus



Nysirkus. Avslapping?



Redesign



Redesign



Redesign



Breakdance



Breakdance



Breakdance

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Festidalen/Stig Framnes